



# VANYLVEN KOMMUNE

## Plan for førebygging av omsorgssvikt og åtferdsvanskar

Vanylven kommune 2025-2030



# Plan for førebygging av omsorgssvikt og åtferdsvanskar

Vanylven kommune 2025-2030

## Innhald

<b>Innleiing</b> .....	3
Overordna målsetjingar i Vanylven kommune jfr. Kommuneplanen sin samfunnsdel 2022-2040. ....	3
Utviklingskraft og berekraft .....	3
Strategiar- slik kjem vi dit: .....	3
Folkehelse og livsmeistring .....	4
Strategiar – slik kjem vi dit: .....	4
Demokrati og medborgarskap .....	4
Strategiar – slik kjem vi dit: .....	5
Overordna målsetjingar i Kultur og oppvekst jfr. Kvalitetsplanen <i>Plan for barn og unge 2024-2030</i> .....	5
Utviklingspunkt og satsingsområde frå Plan for barn og unge: .....	6
-Inkluderande praksis .....	6
-Språk, kommunikasjon og lesing .....	6
-Digital kompetanse .....	6
Vanylven no: .....	7
Styrker:.....	7
Utfordring: .....	8
Tverrfagleg samarbeid .....	9
Ulike arena for tverrfagleg samarbeid i Vanylven kommune: .....	9
Vi løfter fram desse ordningane:.....	10
Innsatstrappa.....	11
Tre nivå for førebygging .....	12
Universell førebygging for barn og unge i Vanylven.....	13
Selektiv førebygging for barn og unge i Vanylven .....	16
Indikert førebygging for barn og unge i Vanylven .....	17
<b>Oppsummering:</b> .....	20

## Innleiing

Vanylven kommune legg vekt på å ha sikre og gode oppvekstvilkår for barn og unge. Gjennom målretta tiltak skal kommunen førebygge at barn blir utsette for omsorgssvikt eller utviklar åtferdsvanskar. Denne temaplanen, Plan for førebygging av omsorgssvikt og åtferdsvanskar, er eit verktøy for å styrke det førebyggjande arbeidet i kommunen.

Kommunen har eit ansvar for å samordne tenestetilbodet sitt til barn og familiar, slik det går fram av barnevernslova § 15-1 første ledd. Eit tett samarbeid mellom ulike tenester er avgjerande for å sikre at barn og unge får rett hjelp til rett tid. Planen legg vekt på tidleg innsats, tverrfagleg samarbeid og heilskaplege løysingar for å skape trygge oppvekstmiljø i Vanylven

[Lov om barnevern \(barnevernsloven\) - Lovdata](#)

[Kommunens ansvar for å forebygge omsorgssvikt og atferdsvansker | Bufdir](#)

Overordna målsetjingar i Vanylven kommune jfr. Kommuneplanen sin samfunnsdel 2022-2040.

Temaplan for førebygging bygger på kommuneplan sin samfunnsdel 2022 –2040. Det er der løfta fram 3 satsingsområde med bærekraftsmål.

Utviklingskraft og berekraft

Mål – slik vil vi ha det:

**Vanylven kommune skal vere aktiv og imøtekomande for vekst og utvikling som er miljømessig, sosialt og økonomisk berekraftig.**



*Strategiar- slik kjem vi dit:*


- Barn og unge skal rustast til å takle dei utfordringar som er i dag, og som kjem i morgon. Det blir viktig å skape gode rammer for læring, utvikling og samhandling, og å involvere barn og unge i utviklingsarbeidet i kommunen

- La barn og unge vere aktive og utforskande produsentar på ein slik måte at dei er med på å planlegge og gjennomføre innhaldet i dagen, samtidig som dei får øving i sjølvregulering i samhandling med andre

## Folkehelse og livsmeistring

### Mål – slik vil vi ha det:

**Vanylven kommune er ein trygg og inkluderande plass å vekse opp og bu, der alle uavhengig av alder, kjønn, funksjonsnivå og sosial bakgrunn har tilgang på møteplassar og moglegheit til fysisk aktivitet.**



### Strategiar – slik kjem vi dit:

- For å utvikle gode lokalsamfunn må det leggest til rette møteplassar og trivsel for alle aldersgrupper.
- Vi skal gi born og unge eit oppvekstilbod der meistring og trivsel er vektlagt, med mål om å utvikle lærelyst og eit godt sosialt fellesskapet i læringsmiljøet.
- Vi skal arbeide for å gjere barn og unge i stand til å kunne forstå og å kunne påverke faktorar som har betydning for å meistre eigne liv.
- Vi skal arbeide for ein felles ungdomsskule i kommunen.
- Vi skal bidra til å utjamne levekår og sosiale og helsemessige forskjellar.
- Vi skal arbeide for etablering og vidareføring av arenaer for sosiale aktivitetar som skapar fellesskap og kan førebygge einsemd og isolasjon

## Demokrati og medborgarskap

### Mål – slik vil vi ha det:

**Vanylven er eit samfunn der innbyggjarane opplever reell medverknad i avgjerdsprosessar, får likeverdig rett på tenester og likeverdige moglegheiter til å bidra i samfunnet.**



**Mål – slik vil vi ha det:** Vanylven er eit samfunn der innbyggjarane opplever reell medverknad i avgjerdsprosessar, får likeverdig rett på tenester og likeverdige moglegheiter til å bidra i samfunnet.

### *Strategiar – slik kjem vi dit:*

- Barn og unge skal få oppleve å bidra og medverke i kvardagen gjennom demokratisk deltaking, uavhengig av kommunikasjonsevner og språklege ferdigheiter. Barn og unge sine synspunkt skal leggest vekt på i samsvar med alder og modning. Barn og unge skal ikkje ha ansvar dei ikkje er rusta til å ta.
- Vi skal gi barn og ungdom kunnskap og ferdigheit til å møte utfordringar i tråd med demokratiske prinsipp. Dei skal forstå dilemma som ligg i det å godta fleirtalet sin rett og mindretalet sin rett. Barn og ungdom skal øve opp evna til å tenke kritisk, lære seg å handtere meiningsbryting og respektere ueinighet. Gjennom dette arbeidet skal barn og ungdom lære kvifor demokratiet ikkje kan takast for gitt, og at det må utviklast og haldast ved like.

### *Overordna målsetjingar i Kultur og oppvekst jfr. Kvalitetsplanen [Plan for barn og unge 2024-2030](#)*

Plan for barn og unge sine tverrfaglege tema er:

- Folkehelse og Livsmestring
- Demokrati og medborgarskap
- Berekraftig utvikling


[Lenke til temaplan \[Plan for barn og unge\]\(#\).](#)

Planen skal sørge for at alle i Vanylven kommune skal saman legg tilhøva best mogeleg til rette for born si meistring og utvikling. Digital- og sosial kompetanse i tillegg til språk, kommunikasjon og lesing vil vere viktige stilast i dette arbeidet. Dei vaksne i kommunen er sentrale aktørar i utvikling av lokalsamfunn, oppvekstmiljø og læringsmiljø. Støtte, stimulering og utvikling av vaksenrolla, både den profesjonelle og rolla som føresetts på ulike arenaer, er ein grunnleggjande føresetnad for at vi skal lukkast saman.

Utviklingspunkt og satsingsområde frå Plan for barn og unge:


*-Inkluderande praksis*

- Ein føresetnad for verdsetting, venskap og sosial integrering
- Ein ressurs for å kunne meistre stress og problem/utfordringar.
- Ein viktig faktor for å motverke utvikling av problemområdet.



*-Språk, kommunikasjon og lesing*

- Språk er eit reiskap for tenking, samarbeid og læring og må ligge til grunn for å kunne lære å lese.
- Språkstimulering skal prege alt samspel vi har med barna.
- Leselyst kjem ikkje av seg sjølv, den stimulerast.



*-Digital kompetanse*

- Digitale ferdigheiter er ein viktig føresetnad for vidare læring og for aktiv deltaking i eit arbeidsliv og eit samfunn i stadig endring.
- Alle har behov for vener, å høyre til og vere i eit fellesskap. Slike sosiale omgangar og relasjonar tek nye former i det digitale samfunnet.

Teknologi er ein naturleg del av omgrepet berekraftig utvikling. Vi ser tydeleg korleis digitale ressursar og verktøy endrar arbeidsformer og roller i barnehage og skule.

- Teknologisk kompetanse: kan løyse problem, men og skape nye.
- Kunnskap om teknologi: forståing av kva dilemma som kan oppstå ved bruk av teknologi og korleis handtere dette.

Vi kan synleggjere korleis barnet står i sentrum av læring i større grad med at:

- barnet er med på å planlegge og gjennomføre innhaldet i dagen.
- barnet er aktive og utforskande produsentar.
- barnet øver på sjølvregulering i samhandling og i eige arbeid.



- Verne livet på jorda og å ta vare på behova til menneske som lever i dag utan å øydelegge for framtida sine generasjonar.

- Forståing av samanhengen mellom sosiale, økonomiske og miljømessige tilhøve

-Vårt levesett og ressursbruk har konsekvensar lokalt, regionalt og globalt.

Vanylven no:

Vanylven kommune har data frå m.a.:

Folkehelseprofil, Oppvekstprofil, Elevundersøking, Ung Data, Ung data junior, foreldreundersøking frå barnehage samt tall frå barnevernstenesta og årsrapport frå mobbeombodet.

Styrker:

I Vanylven er det færre barn og unge som bur i familiar med låg inntekt eller høg gjeld samanlikna med landssnittet jfr. Folkehelseprofil

Elevlar opplever at det er meir felles reglar samanlikna med nasjon og fylket jfr elevundersøkinga.

Vanylven kommune skil seg positivt ut at ein har venner å vere saman med på fritida, ein opplever nørømrådet som trygt og mange kjenner at ein høyrer til. Jfr Ung Data.

### Utfordring:

I Vanylven er det fleire innbyggjarar mellom 20 og 66 år som mottek økonomisk stønad samanlikna med fylket og landet jfr. Folkehelseprofil.

I Vanylven er det mange vaksne med låg utdanning. Ungdom på 17 år er mindre aktive enn ungdommar elles i landet og ungdom på 17 år gjev utslag på overvekt og fedme i forhold til elles i landet. Jfr. Oppvekstprofil.

Elevane i Vanylven rapporterer lågare støtte heimanfrå samanlikna med elevar i nasjonalt og i fylket. Det er høg variasjon på elevane si oppleving av trivsel på skulen og støtte frå lærar. Jfr elevundersøkinga

Elevane i Vanylven skil seg negativt ut når det gjeld søvn, alkoholbruk og mobbing. Halvparten av dei som har søvnproblem seier at det påverkar skule og fritid. Jfr Ung Data

Elevrapportering viser at søvn og kosthald skil seg negativt ut. Mobbing og utestenging aukar, og mange opplever skulen som stressande, særleg jentene. Jfr Ung Data junior.

### Trygt og godt barnehage og skulemiljø

I arbeidet med trygt og godt skulemiljø har vi oversikt på tal aktivitetsplanar. I nasjonale undersøkingar får Vanylven ikkje ut statistikk grunna lågt elevtal og personvern. Likevel vil rapporten frå mobbeombodet i Møre og Romsdal for 2023-2024 vere ei rettesnor for situasjonen i Vanylven:

Vi løfter fram desse kulepunkta:

- **Barnehagemiljø:** Få førespurnadar uroar omboda, og dårleg implementering av lovverket kan gjere at mobbing ikkje blir oppdaga.
- **Mobbing i skulen:** Auka mobbetal viser behov for betre læringsmiljø og større elevmedverknad i førebygging.
- **Samarbeid skole–foreldre:** Skule, foreldre og elevar må samarbeide betre for å styrke trivsel og læring.
- **Ufrivillig fråvær:** Tidleg innsats og betre oppfølgingssystem kan førebyggje fråvær og styrke meistring.
- **Lærlingar i kjønnsdelte yrke:** Auka tal lærlingar er positivt, men utfordringar knytt til arbeidsmiljø må løysast.
- **Heving av lærekontrakt:** Godt støtteapparat og trygt arbeidsmiljø kan hindre at lærlingar avbryt læretida.

Sitat henta frå rapport til Mobbeombodet for 2023/2024:

*“Rust opp, ikkje ned. Utfordringane i skolen, som auke i mobbing, vald, skolefråvær og nedgang i motivasjon, står ikkje i stil med kutta i skolesektoren. Færre lærarar, kutt i spesialundervisning og lang ventetid hos PPT og BUP skapar ikkje eit trygt og inkluderande skolemiljø. Vi oppmodar dykk, som politikarar, til å prioritere skolesektoren og sikre nødvendige ressursar. Ved å ruste opp skolen, investerer vi i framtida til barna våre og samfunnet vårt”*

## Tverrfagleg samarbeid

I 2021 blei det vedteke endringar i fleire velferdstenestelover for å styrkje plikta til samarbeid og samordning mellom tenestene. Desse endringane omfattar følgjande 14 lover:

- Tannhelsetenestelova: § 1-4 a
- Barnevernlova: § 3-2
- Familievernkontorlova: § 1 a
- Opplæringslova: § 24-1
- Spesialisthelsetenestelova: § 2-1 e
- Psykisk helsevernlova: § 4-2 a
- Pasient- og brukarrettslova: § 2-5 a
- Friskolelova: § 3-6 b
- Barnehagelova: § 47
- Arbeids- og velferdsforvaltningslova (NAV-lova): § 15 a
- Krisesenterlova: § 4
- Sosialtenestelova: § 13
- Helse- og omsorgstenestelova: § 3-4
- Integreringslova: § 38

Desse paragrafane pålegg tenesteytarar å samarbeide og samordne tenestetilbodet for å sikre eit heilskapleg og samordna tilbod til brukarane.

Ulike arena for tverrfagleg samarbeid i Vanylven kommune:

- KLT, kommunedirektøren sitt leiarteam der også prosjektleiarar møter
- Kommunalsjefsmøte der også prosjektleiarane møter.
- Felles leiarmøte i dei ulike sektorane
- Tverrfagleg leiargruppe. Gruppa skal sikre samhandling og felles forståing i arbeidet med barn, unge, familiar og tenester i Vanylven kommune.

- Samarbeidsmøte og ansvarsgruppemøte på einingane.
- Teammøter på einingane
- Politiråd

Vi løfter fram desse ordningane:

#### 1. Barnekoordinator

Vanylven kommune har barnekoordinator i 50% stilling.

Føresette søker på barnekoordinator.

Barnekoordinator samordnar tenestene til barnet/eleven og leiar ansvarsgruppemøta. Barnekoordinator kan ordne støttekontakt og avlastning og helsehjelp i skulen.

Koordinerande eining skriv vedtak i høve barnekoordinator og individuell plan etter gitte kriteria. Barn og elevar med barnekoordinator og/eller individuell plan har ansvarsgrupper.

Visma flyt samspill – IP eller stafettlogg nytta som dokumentasjonsverktøy

#### 2. BTS-teama på skular og barnehagar

Mål:

- Individnivå - sikre tverrfagleg samarbeid på individnivå i barnehagane og skulen. NB! Skriftleg samtykke
- Systemnivå - BTS teamet blir rettleia av ekstern kompetanse
- Møtepunkt 2-3 gangar per halvår
- BTS-team: Rektor, aktuell kontaktlærer, PPT, fagansvarleg på helsestasjon og miljøterapeut psykisk helse. Førsette blir invitert inn.

#### 3. Kommunal psykisk helseteneste for barn, ungdom og familiar

Ein tilbyr:

- Utviklingsstøtte (råd) og veiledningstilbod
- Korttidstilbod med milde og moderate psykiske plagar
- Langtidstilbod til barn, ungdom og foreldre som har behov for psykisk helseteneste over tid
- Samansatte tenester til barn og unge med komplekse og langvarige vanskar

<https://www.vanylven.kommune.no/tenester/helse-og-omsorg/psykisk-helse-og-rustilbod/psykisk-helseteneste-for-barn-unge-og-familiar/>

- Vanylven kommune sitt samarbeidsmøte med BUP 0 - 6 år  
Fire møtepunkt mellom barnehage og BUP der kommunen melder inn saker som kan drøftast anonymt eller med samtykke.

## Innsatstrappa

I følge NOU 2003:4 *Tid for handling* er modellen omsorgstrapp vidareutvikla av Agenda Kaupang til [Helhetlig innsatstrapp](#) som legg vekt innsats på førebyggjande arbeid i kommunen




Vanylven kommune inviterte politisk og administrativt nivå til eit foredrag med Arne Holte, professor emeritus i helsepsykologi. Han gjekk gjennom korleis Vanylven kan styrke psykisk helse, førebygge psykiske lidningar og få ein meir fornuftig samfunnsøkonomi.

Kort oppsummert er det svært helsefremjande å utvikle:

- Robustheit
- Trivsel og velvære
- Positiv psykisk helse som det å handtere følelsane våre, tenkte fornuftig, styre åtferda vår, ha gode relasjonar til andre

James Joseph Heckman er ein amerikansk økonom og nobelprisvinnar som har utvikla Heckmans kurve. I følgje arbeidet til Heckman er det god samfunnsøkonomi å bruke ressursane på universelt nivå, tidleg i barndomen.



Figur 1 Modell utarbeida av JJ Heckman som viser god samfunnsøkonomi å satse på førebygging og barn.

### Tre nivå for førebygging


Kommunane har eit breitt spekter av verkemiddel i det førebyggjande arbeidet gjennom sine tiltak og tenester. Det kommunale ansvaret for førebygging av omsorgssvikt og åtferdsvanskar omfattar både generelle førebyggjande tiltak (universell førebygging) og tiltak som er retta mot bestemte grupper (selektiv førebygging). Indikerte tiltak/behandling er det mellom anna barnevernstenesta, fastlegetenesta og spesialisthelsetenesta som har ansvar for. Ei slik inndeling har ofte glidande overgangar og nokre tiltak vil passe under fleire kategoriar.

## Universell førebygging

Barnehage, skule, SFO og organiserte fritidsaktivitetar er dei viktigaste kvardagsarenaene utanfor heimen for barn og unge.

- Helsefremjande styrkar i det universelle: robustheit, trivsel og velvære, positiv psykisk helse t.d å handtere følelsar, tenke fornuftig, styre vår åtferd, gode relasjonar til andre
- Sjukdomsførebygging i det universelle: reduserer tal nye tilfelle av sjukdom

Det universelle er bra for alle, men ekstra viktig for nokre!



Universell førebygging for barn og unge i Vanylven	
BTS	<a href="https://www.vanylven.kommune.no/bti-vanylven">https://www.vanylven.kommune.no/bti-vanylven</a>
Fastlege	Alle innbyggere som ifølge folkeregisteret er bosatt i en norsk kommune, har rett til en fastlege. <a href="#">Rett til fastlege - Helsenorge</a>
Helsetasjon <ul style="list-style-type: none"><li>- SATS språkkartlegging på 2 år</li><li>- Språk 4 seier oss meir enn språk</li></ul>	<a href="#">Helsetasjon- og skulehelseteneste - Vanylven kommune</a> <a href="#">Språk - Helsedirektoratet</a>

<ul style="list-style-type: none"> <li>- Stine Sofies foreldrepakke for å forebygge vold mot barn (heimebesøk, 6-vekers konsultasjon, 3-4 mnd konsultasjon)</li> <li>- “Tidlig inn” av RVTS</li> <li>- Spebarnsgruppe i samarbeid med fysioterapeut</li> <li>- NBO – relasjonsfokuset metod 0-3 mnd</li> <li>- Foreldreveiledningsprogrammet “Sammen foreldre og barn”</li> </ul>	<p><a href="#">Stine Sofie Foreldrepakke - Stine Sofies Stiftelse</a></p> <p><a href="#">Opplæringsprogrammet Tidlig Inn - forebygging.no</a></p>
<p>Skulehelsetenesta</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Pubertetsundervisning og seksualopplysning 5. og 9.klasse</li> <li>- For ulike klassetrinn: undervisningsopplegg om vennskap (nært knytt til Livet &amp; Sånn)</li> </ul>	<p><a href="https://www.vanylven.kommune.no/tenester/helse-og-omsorg/helsestasjonsportalen-vanylven/">https://www.vanylven.kommune.no/tenester/helse-og-omsorg/helsestasjonsportalen-vanylven/</a></p>
<p>Jordmortenesta</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Stine Sofies foreldrepakke for å forebygge vold mot barn (svangerskap)</li> <li>- Foreldreførebuande kurs</li> <li>- AUDIT-kartlegging alkohol/rus</li> <li>- Kartlegging i høve mor utsett for vold før/i svangerskap</li> <li>- “Tidleg inn” av RVTS</li> <li>- NBO – relasjonsfokuset metod 0-3 mnd</li> </ul>	<p><a href="https://www.vanylven.kommune.no/tenester/helse-og-omsorg/helsestasjonsportalen-vanylven/">https://www.vanylven.kommune.no/tenester/helse-og-omsorg/helsestasjonsportalen-vanylven/</a></p> <p><a href="https://www.vanylven.kommune.no/tenester/helse-og-omsorg/helsestasjonsportalen-vanylven/gravid/">https://www.vanylven.kommune.no/tenester/helse-og-omsorg/helsestasjonsportalen-vanylven/gravid/</a></p> <p><a href="#">Stine Sofie Foreldrepakke - Stine Sofies Stiftelse</a></p> <p><a href="#">Opplæringsprogrammet Tidlig Inn - forebygging.no</a></p>
<p>EPDS – depresjonskartlegging alle gravide</p>	<p><a href="#">Edinburgh postnatal depresjonsskår - NHI.no</a></p>
<p>Tannhelseteneste</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- 0 – 18 år, gratis</li> <li>- 19 – 28 år, betalar 25%</li> </ul>	<p><a href="#">Distriktstannklinikken Fiskå</a></p>
<p>Tverrfagleg leiargruppe for barn og unge</p>	<p>Gruppa skal sikre samhandling og felles forståing i arbeidet med barn, unge, familiar og tenester i Vanylven kommune.</p>
<p>Full barnehagedekning</p>	
<p>Redusert foreldrebetaling i barnehagen</p>	<p><a href="#">Barnehagar - Vanylven kommune</a></p>
<p>Barnehagesymjing</p>	
<p>Obligatorisk grunnskule 1.-10.trinn</p>	
<p>Full dekning SFO</p>	

SFO - redusert foreldrebetaling gratis inntil 12 t/v	<a href="#">Redusert foreldrebetaling SFO - Vanylven kommune</a> <a href="#">Historisk mange elever får tilbud om gratis kjernetid i SFO - regjeringen.no</a>
Gratis kulturskule	Prosjekt ut skuleåret 2024/25
Foreldresamarbeid i Barnehage Grunnskule Kulturskule	
Elevråd Ungdomsråd	5.-10.klasse har elevråd Politisk organ <a href="#">Møteplan 2025 - Vanylven kommune</a>
Overgangsplan frå barnehage til skule Overgangsplan frå barneskule til ungdomsskule	
Livet & Sånn Psykologisk førstehjelp	<a href="#">Livet og sånn</a> <a href="#">Hjelpehånda   Verdensdagen for psykisk helse</a>
Kartleggingar - skulefagleg - sosialt	- Nasjonale prøver, kartleggingsprøver, kartleggingar i basisfag Spekter/andre sosiometriske kartleggingar
Tverrfaglege dagar/veker	Fokus på fagleg og sosial læring over trinn
ITO-nettverk	
Vigilo	Skuleadministrative system og informasjonskanal føresette - skule/barnehage
Vurderingsårshjul	
Kompetanseløftet, ReKomp og DeKomp	Samarbeid med hiVolda og kommunene. Fagleg samling for pedagogar to gangar per år. Fagleg samling for alle tilsette i barnehage to gangar per år.
Fellesmøte styrar og rektor	Kvar månad
Fagmøte skule og barnehage	Samarbeid i Sjustjerna
Nettverkssamlingar - Barnehage - Skule	Kollektiv utvikling på kommunenivå
Tverrfagleg leiargruppe for barn og unge	Gruppa skal sikre samhandling og felles forståing i arbeidet med barn, unge, familiar og tenester i Vanylven kommune.
Vikarbanken	Tilgang til utdanna vikarar i grunnskulane i Vanylven

MOT	Vanylven er ei MOT-kommune. Undervisningsopplegg 7.-10.klasse etter årshjul. <a href="#">MOT Norge</a>
Ungdomskontakt Ungdomsklubb Ungdomstrening måndagar	<a href="#">Kultur og fritid - Vanylven kommune</a>
BUA UKM Frivilligsentralen	<a href="#">Utlånsordninger   BUA Vanylven</a> <a href="#">Vanylven Frivilligsentral</a>
Workshops for barn og ungdom i feriar	<a href="https://ivanylven.no/">https://ivanylven.no/</a>
Lag og organisasjonar	<a href="#">iVanylven - Kva skjer i Vanylven?</a>

### *Selektiv førebygging for barn og unge i Vanylven*

Selektiv førebygging, eller målretta innsats, er strategiar og tiltak som er retta mot risikogrupper og/eller risikosituasjonar. Tiltaka skal hjelpe til med å motverke negativ utvikling.

Helsestasjon - COS- P Trygghetssirkelen	
Skulehelsetenesta - Fast trefftid - “Sammen foreldre og barn” - Vaksiner - Måling av vekt og høgde 3.og 8.trinn	
Barnekoordinator	
Flyktingtenesta	
Familieterapi	<a href="#">Familieterapi - Vanylven kommune</a>
BTS-team i barnehage og skule	
TRAS og Alle med i barnehage	
Oppmelding systemsak til PPT	
Konsultasjon med PPT individsak	
Rutinar oppfølging av bekymringsfullt elevfråvær	Sjå vedlegg

Dysmate	Avdekker lese- og skrivevanskar hos barn. Gjennomførast i 2.klasse og 4.klasse.
SOL	Systematisk observasjon av lesing for å kartlegge kvar elev er i leseutviklinga si. Gjennomførast på 1.-10.trinn.
Intensiv opplæring 1.-4.klasse	<a href="#">§ 11-3 Intensiv opplæring på 1. til 4. trinn   udir.no</a>
Tilpassa opplæring	<a href="#">§ 11-1 Tilpassa opplæring   udir.no</a>
Systemoppfølging etter kartleggingar	Lesekurs Engelskurs Klassemiljø
Leksehjelp 4.-6.klasse (gratis)	<a href="#">Lekser – hva bør skolen tenke på?   udir.no</a>
Rettleiing til barnehage av BUP	
Familievernkontor Sunnmøre	
BV – kvar skule og barnehage har sin kontaktperson i barneverntenesta	
Ferie for all v/Røde Kors	

#### *Indikert førebygging for barn og unge i Vanylven*

Indikert førebygging er strategiar og tiltak retta mot enkeltpersonar der risikofaktorar og/eller konkrete problem er observert eller opplevd.


Kommunepsykolog	Søknad gjennom fastlege eller barnevern
Psykisk helseteneste for barn, unge og familiar	<a href="https://www.vanylven.kommune.no/tenester/helse-og-omsorg/psykisk-helse-og-rustilbod/psykisk-helseteneste-for-barn-unge-og-familiar/">https://www.vanylven.kommune.no/tenester/helse-og-omsorg/psykisk-helse-og-rustilbod/psykisk-helseteneste-for-barn-unge-og-familiar/</a>
Familieterapeut	
Fysioterapi	<a href="https://www.vanylven.kommune.no/tenester/helse-og-omsorg/rehabilitering-og-hjelpemiddel/fysioterapi/">https://www.vanylven.kommune.no/tenester/helse-og-omsorg/rehabilitering-og-hjelpemiddel/fysioterapi/</a>
Individuell plan (IP)	<a href="https://www.vanylven.kommune.no/tenester/helse-og-omsorg/individuell-plan-og-koordinering/">https://www.vanylven.kommune.no/tenester/helse-og-omsorg/individuell-plan-og-koordinering/</a>

Forvaltningskontoret	<a href="https://www.vanylven.kommune.no/tenster/helse-og-omsorg/soke-pa-helse-og-omsorgstenester-eller-klage/">https://www.vanylven.kommune.no/tenster/helse-og-omsorg/soke-pa-helse-og-omsorgstenester-eller-klage/</a>
Barnekoordinator	<a href="https://www.vanylven.kommune.no/tenster/helse-og-omsorg/soke-pa-helse-og-omsorgstenester-eller-klage/barnekoordinator/">https://www.vanylven.kommune.no/tenster/helse-og-omsorg/soke-pa-helse-og-omsorgstenester-eller-klage/barnekoordinator/</a>
Psykisk helseteneste for barn og unge	<a href="#">Psykisk helseteneste for barn, unge og familiar - Vanylven kommune</a>
Avlastningstenesta	<a href="#">Avlastning - Vanylven kommune</a>
Aktivitetsplikt i barnehage og skule	<a href="https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-06-17-64/KAPITTEL_8#KAPITTEL_8">https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-06-17-64/KAPITTEL_8#KAPITTEL_8</a>  <a href="https://lovdata.no/nav/lov/2023-06-09-30/kap12">https://lovdata.no/nav/lov/2023-06-09-30/kap12</a>
Barnehage – vedtak spesialpedagogisk hjelp	<a href="https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-06-17-64/KAPITTEL_7#KAPITTEL_7">https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-06-17-64/KAPITTEL_7#KAPITTEL_7</a>
Skule – vedtak ITO, personleg assistanse, tekniske hjelpemiddel	<a href="https://lovdata.no/nav/lov/2023-06-09-30/kap11">https://lovdata.no/nav/lov/2023-06-09-30/kap11</a>
PPT	Sakkunnig arbeid
Vanylven alternative opplæringsarena (VAOA)	Innsøking 15.mai. Sakkunnig arbeid må vere oppstarta før inntak
Samarbeidsmøte mellom ungdomsskule og innsøkt vidaregåande skule	
Barnevern	<a href="https://www.volda.kommune.no/barnevern/">https://www.volda.kommune.no/barnevern/</a>  Barnehagane og skulane har eigne kontaktpersonar
BUP	
Bufdir - PMTO MST	<a href="https://www.bufdir.no/fagstotte/barnevern-oppvekst/foreldrestotte/foreldrestottende-tiltak/pmto-individuell/">https://www.bufdir.no/fagstotte/barnevern-oppvekst/foreldrestotte/foreldrestottende-tiltak/pmto-individuell/</a>

	<a href="https://www.bufdir.no/fagstotte/barnevernrn-oppvekst/foreldrestotte/foreldrestottende-tiltak/mst/">https://www.bufdir.no/fagstotte/barnevernrn-oppvekst/foreldrestotte/foreldrestottende-tiltak/mst/</a>
Vanylven politistasjon	<a href="https://www.politiet.no/om-politiet/organisasjonen/politidistrikter/more-og-romsdal/vanylven-politistasjon/">https://www.politiet.no/om-politiet/organisasjonen/politidistrikter/more-og-romsdal/vanylven-politistasjon/</a>
Konfliktrådet Møre og Romsdal	
Omsorgsstønad	<a href="#">Omsorgsstønad - Helsenorge</a>
Brukarstyrt personleg assistanse	<a href="#">Brukarstyrt personleg assistanse (BPA) - Helsenorge</a>
Krisesenter på Sunnmøre	<a href="https://www.krisesenter-sunnmore.no/">https://www.krisesenter-sunnmore.no/</a>
Overgrepsmottaket på Sunnmøre	<a href="https://alesund.kommune.no/kommunen/alle-einingar/kommunalomrade-helse/legetenester-og-akutt-helseberedskap/overgrepsmottak/">https://alesund.kommune.no/kommunen/alle-einingar/kommunalomrade-helse/legetenester-og-akutt-helseberedskap/overgrepsmottak/</a>
NAV	<a href="#">NAV Herøy og Vanylven- opningstider - Vanylven kommune</a>
Barnevernsvakten	<a href="https://www.barnevernvakten.no/finnbarnevernvakt/alesund-kommune">https://www.barnevernvakten.no/finnbarnevernvakt/alesund-kommune</a>
Familievernkontoret	<a href="#">Familievernkontoret Sunnmøre   Bufdir</a>

**Oppsummering:** eit eksempel på korleis universelle tiltak kan føre til stor effekt.

*Det universelle er bra for alle, men ekstra viktig for nokre!*



**Hvordan gjøre en liten effektstørrelse stor: Et stykke magi**

Statistisk modellering av Espen Røysamb i samarbeid med Arne Holte, Folkehelseinstituttet/Universitetet i Oslo

